

**Notat 1/2010**

Finn Ove Båtevik og Geir Tangen

## **UNG I MØRE OG ROMSDAL**

Resultat frå to undersøkingar blant ungdomar i vidaregåande opplæring

Finn Ove Båtevik og Geir Tangen

## **UNG I MØRE OG ROMSDAL**

Resultat frå to undersøkingar blant ungdomar i vidaregåande opplæring

Notat 1/2010

Høgskulen i Volda      Møreforsking Volda

2010

<b>Prosjekttittel</b>	Ung i Møre og Romsdal 2009
<b>Prosjektansvarleg</b>	Møreforskning Volda
<b>Finansiering</b>	Møre og Romsdal fylke
<b>Prosjektleder</b>	Finn Ove Båtevik
<b>Medforfattar</b>	Geir Tangen
<b>Ansvarleg utgivar</b>	Møreforskning Volda
<b>ISSN</b>	1891-5973
<b>Distribusjon</b>	<a href="http://www.moreforsk.no/volda.htm">http://www.moreforsk.no/volda.htm</a> <a href="http://www.hivolda.no/notat">http://www.hivolda.no/notat</a>

© Forfattar/Møreforskning Volda

Føresegnene i åndsverklova gjeld for materialet i denne publikasjonen. Materialet er publisert for at du skal kunne lese det på skjermen eller framstille eksemplar til privat bruk. Utan særskild avtale med forfattar/Møreforskning Volda er all anna eksemplarframstilling og tilgjengeleggjering berre tillate så langt det har heimel i lov eller avtale med Kopinor, interesseorgan for rettshavarar til åndsverk.

**Notatserien** er for ulike slag publikasjonar av mindre omfang, t.d. forprosjektnotat, foredrag, artikkelutkast o.a. Eit hovudføremål med serien er å stimulere til publisering og fagleg debatt i miljøet. Spreiinga går i hovudsak til fagmiljøet i Volda, til eksterne fagmiljø og personar som forfattar(ar) ønskjer kommentarar frå. Kvar forfattar er ansvarleg for sitt arbeid.

## Forord

Notatet *Ung i Møre og Romsdal* er utarbeidd på oppdrag frå Møre og Romsdal fylke. Den er basert på to undersøkingar blant elevar i dei vidaregåande skulane i fylket, ei gjennomført hausten 2007 og ei hausten 2009.

Oppdragsgivar har i hovudsak vore ansvarleg for utforming av spørsmåla, men med Møreforskning i rolla som konsulent i forhold til justeringar. Møreforskning har også stått for arbeidet med å tilpasse spørsmåla slik at dei kan brukast i ei webbasert undersøking. Vidare har Møreforskning stått ansvarleg for gjennomføringa av undersøkinga og analysen av materialet.

Oppdraget til Møreforskning var vidare å presenterer datamaterialet i form av enkle frekvensfordelingar, i tabellar og figurar. I tillegg er det ein tekstdel i notatet som gjer greie for bakgrunnen og opplegget for undersøkinga. Undervegs er også nokre hovudtrekk kort kommenterte i tekst, men utan at det innan rammene for prosjektet har vore rom for å setje resultata inn i ein fagleg samanheng.

Ingunn Bekken Sjøholm har vore kontaktperson hos Møre og Romsdal fylke i gjennomføringa av prosjektet. Vi takkar for eit godt og konstruktivt samarbeid!

Volda 2. februar 2010

Finn Ove Båtevik  
Geir Tangen

<b>Forord.....</b>	<b>3</b>
<b>Ung i Møre og Romsdal .....</b>	<b>5</b>
Bakgrunn.....	5
Opplegg for undersøkinga.....	5
<b>Om elevane.....</b>	<b>7</b>
<b>Deltaking i elev- og ungdomsdemokrati.....</b>	<b>10</b>
Elevrådet .....	11
Ungdomsrådet.....	13
<b>Organiserte fritidsaktivitetar .....</b>	<b>17</b>
<b>Kjennskap til utdannings- og jobbtilbod.....</b>	<b>20</b>
<b>Om framtida .....</b>	<b>24</b>
<b>Kunnskap om Møre og Romsdal fylke .....</b>	<b>28</b>
<b>Karriererettleiing og vidare utdanning.....</b>	<b>32</b>
<b>Websida ungweb.no.....</b>	<b>35</b>

# Ung i Møre og Romsdal

## **Bakgrunn**

Møreforskning utførte i 2007 på oppdrag for Møre og Romsdal fylke ei undersøking blant ungdom i Møre og Romsdal. Målet var å få kunnskap om kva ungdom i Møre og Romsdal veit om Møre og Romsdal fylke, kva erfaringar dei har med ungdomsdemokrati, kva fritidsaktivitetar dei deltek i og kva krav og ønskjer ungdom har for å kunne busette seg i Møre og Romsdal. Møre og Romsdal fylke ønskte, som ei oppfølging av dette arbeidet, å gjennomføre ei ny undersøking hausten 2009. Den nye undersøkinga er i hovudsak lagt opp etter same mal som den førre. Målgruppa for undersøkinga er avgangselevane i vidaregåande opplæring, samt elevar på yrkesfagleg studieretning på vg2-nivå.

I den nye undersøkinga er det i samråd med Møre og Romsdal fylke gjort mindre justeringar av spørjeskjema. Ein del spørsmål er utelatne, men det også har kome nye til. Dei fleste spørsmåla er likevel med både i undersøkinga i 2007 og 2009. I slike tilfelle er spørsmåla uendra, slik at det skal vere mogleg å samanlikne resultatane frå dei to registreringsåra. Dei nye spørsmåla gjeld først og fremst gjeld bruken av nettsida ungweb.no, ei side som UNG-prosjektet i Møre og Romsdal står ansvarleg for.<sup>1</sup>

## **Opplegg for undersøkinga**

Begge undersøkingane, både den frå 2007 og den frå 2009, er webbaserte. Alle elevar på vg3 vart kontakta via e-post (VKII for dei som gjekk siste skuleåret 2007/2008). Ein del av ungdomane på yrkesfaglege studieprogram er ute i lære tredje året i vidaregåande opplæring. Vi kunne ikkje nå ungdomar i lære gjennom det opplegget som er brukt. Derfor vart alle elevar på yrkesfaglege studieprogram på vg2 også kontakta.

Studien omfattar berre dei offentlege skulane og berre dei som er elevar ved ein av dei vidaregåande skulane i Møre og Romsdal. Møre og Romsdal fylke oppmoda skulane til å organisere utfylling av skjema, der elevane anten gjorde dette som del av ein skuletime eller at dei fekk det som "lekse" frå skulen. Det vart difor utforma eit eige informasjonsskriv som gjekk frå fylket til alle rektorane. Elevane hadde likevel høve til å svare uavhengig av oppfølging frå skulen si side, i og med at skjema vart sendt direkte til e-postadressa til kvar enkelt elev.

Basis for kontakten med elevane var e-postadresser som Møre og Romsdal fylke gav tilgang til. I 2007 vart det opplyst at det var 4.163 elevar i vidaregåande i den målgruppa vi var ute etter<sup>2</sup>. Om lag 7 prosent av elevane mangla e-postadresser. I 2009 var det 3.713 elevar i målgruppa vår. Det var då under 1 prosent av elevane utan oppgitt e-postadresse (32 elevar).

Utgangspunktet for å nå fram til alle elevane var såleis betre i 2009 enn i 2007. Rett nok fekk vi ved utsending av skjema tibakemelding om at 132 e-postar ikkje nådde fram til mottakar. Av desse vart det registrerte 23 logiske feil i e-postadressa, der ny e-postar vart sendt i etterkant med justert adresse.

Det store problemet for gjennomføringa av undersøkinga i 2009 var likevel at mange av elevane ikkje hadde motteke invitasjonen om å delta i undersøkinga ved første utsending. Dette vart først klart ei

---

<sup>1</sup> <http://ungweb.no/UNGweb/Info/Om-oss>

<sup>2</sup> For nærare omtale av gjennomføringa av undersøkinga frå 2007, jf rapporten: Barstad, J og Tangen, G (2008). Frekvensar frå Ung i Møre og Romsdal. Oversikt over data frå spørjegransking blant elevar ved vidaregåande skular i Møre og Romsdal, hausten 2007. Arbeidsrapport nr. 219. Volda: Høgskulen i Volda og Møreforskning Volda.

god stund etter at undersøkinga var i gang. Det kom meldingar frå fleire skular om at langt frå alle elevane i kvar klasse hadde fått tilsendt e-posten frå oss. I enkelte tilfelle vart det sagt at berre var nokre få elevar som hadde fått tilsendt e-post. Etter ei avklaring med Questback, som leverte tenestene og programvaren for å gjennomføre den webbaserte undersøkinga, vart det sagt at problemet kunne oppstå ved at mange av mottakarane brukar same e-postteneste (t.d. hotmail). Ved masseutsendingar kan ein då risikere at mange e-postar hamnar i spam-filter. Som utsendarar fekk vi fekk ikkje indikasjon på dette ved utsending, og var såleis lenge ukjende med problema som oppstod.

Som eit tiltak for å rette på problema, vart utsendingane delt opp i fleire delar og sendt ut på nytt. Dette etter råd frå ansvarlege hos Questback. For å gjennomføre dette måtte vi luke ut alle som hadde sendt inn svar allereie. Deretter vart undersøkinga sendt ut på nytt puljevis, der det var mindre enn 500 adresser i kvar utsending. I kva grad dette gjorde at alle fekk denne nye invitasjonen, veit vi ikkje.

Det vart sendt ut to purringar til alle som ikkje hadde sendt inn svar i etterkant av den siste invitasjonen, for å sikre at flest mogleg fekk høve til å svare. I tillegg var undersøkinga open lenger i 2009 enn i 2007, for at dei som hadde fått invitasjonen seinare enn dei andre skulle ha god tid til å svare. Begge undersøkingane, både den i 2007 og den i 2009, vart gjennomført på same tid av året, dvs. i vekene etter haustferien.

Svarprosenten blei klart dårlegare i 2009 enn i 2007. I forhold til bruttouniverset var det 23,2 prosent som sende inn svar i 2009 mot 36,8 prosent i 2007. Det er grunn til å tru at mykje av forskjellen skuldast problema som oppstod rundt utsendinga. I praksis vart det i 2009 til dømes umogleg å organisere eit opplegg på skulane, der elevane kunne svare i ein skuletime, i motesetnad til kva ein kunne i 2007. I tillegg kunne også heile prosessen rundt undersøkinga framstå som uryddig både for dei som skulle svare og for skulane, så lenge det kom informasjon til skulen om undersøkinga, samstundes som mange ikkje hadde fått e-posten som skulle legge grunnlag for at dei sjølve kunne sende inn svar.

## Om elevane

Dei følgjande tabellane og figurane seier litt om materialet som er samla inn i undersøkingane i 2007 og 2009. Dette er nyttig, ikkje minst når ein skal samanlikne dei to materiala.


Undersøkinga i 2007 omfatta i alt 1.530 elevar, mot 860 elevar i 2009. Svarfordelinga mellom 2007 og 2009, skil seg frå kvarandre på følgjande måte:

- Relativt sett kom det fleire svar frå Nordmøre enn frå Sunnmøre og Romsdal i 2009 enn i 2007
- Relativt sett er fordelinga på dei yrkesfaglege utdanningsprogramma underrepresenterte i 2009, jamført med 2007.

I undersøkinga frå 2007 var det godt samsvar mellom svarfordelinga i undersøkinga og den reelle fordelinga av elevar for dei nemnde variablane. Vi vektar derfor materialet i den vidare analysen for å sikre at fordelinga mellom yrkesfag og allmennfag også blir lik universet i 2009. Vektinga betyr at dei 341 yrkesfag vi har fått svar frå, tel som 467 i analysen. Føresetnaden som ligg til grunn for slik vekting, er at ein reknar med at svara frå dei yrkesfagelevane som ikkje har sendt inn skjema, ville fordelt seg likt med svar til dei yrkeselevane som faktisk har sendt inn skjema. Ut over dette er til dømes kjønnsfordeling i materialet tilnærma lik i 2007 og 2009.

Tabell 1. Elevar i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal etter kva fogderi bustadkommunen deira ligg i (2007 og 2009).

Fogderi	2007		2009	
	Faktiske tal	Prosent	Faktiske tal	Prosent
Sunnmøre	828	54,1	420	48,8
Romsdal	401	26,2	170	19,8
Nordmøre	300	19,6	270	31,4
Anna	1	,1	0	,0
I alt	1530	100,0	860	100,0




Figur 1. Elevar i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal etter kva fogderi bustadkommunen deira ligg i (2007 og 2009).



Tabell 2. Elevar i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal etter kjønn (2007 og 2009).


Kjønn	2007		2009	
	Faktiske tal	Prosent	Faktiske tal	Prosent
Gut	698	45,6	389	45,2
Jente	832	54,4	471	54,8
I alt	1530	100,0	860	100,0



Figur 2. Elevar i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal etter kjønn (2007 og 2009).

Tabell 3. Elevar i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal etter nivå i vidaregåande opplæring (2007 og 2009).


Nivå	2007		2009	
	Faktiske tal	Prosent	Faktiske tal	Prosent
Vg2	611	39,9	341	39,7
VKII/Vg3	919	60,1	519	60,3
I alt	1530	100,0	860	100,0



Figur 3. Elevar i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal etter nivå i vidaregåande opplæring (2007 og 2009).

Tabell 4. Elevar i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal etter utdanningsprogram (2007 og 2009).

	2007		2009	
	Faktiske tal	Prosent	Faktiske tal	Prosent
Studieførebuande/allmenne fag	837	54,7	513	59,7
Yrkesfag	693	45,3	347	40,3
I alt	1530	100,0	860	100,0



Figur 4. Elevar i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal etter utdanningsprogram (2007 og 2009).

## Deltaking i elev- og ungdomsdemokrati


Elevane har ulik erfaring frå deltaking i ungdomsdemokratiet, både ved eigen skule og i eigen kommune. Erfaringane blant ungdom i Møre og Romsdal kan oppsummerast slik:

- Det er ein litt større del av dei elevane som har sendt inn svar som har vore elevrådsrepresentant på ungdomsskulen blant dei som gjekk i vidaregåande i 2009 enn dei som gjekk i vidaregåande i 2007.
- Blant dei som har vore elevrådsrepresentantar, er også den delen som har fått opplæring i elevrådsarbeid noko høgare blant elevane i 2009 enn i 2007. Endringa utgjer likevel berre eitt prosentpoeng. Det er såleis vel 29 prosent som har fått slik opplæring i 2009.
- Tala indikerer at blant elevar som har fått opplæring i elevrådsarbeid, er det yngste kullet i klart større grad enn det eldste kullet nøgde med opplæringa dei har fått. Medan vel 53 prosent opplevde opplæringa som bra eller ganske bra blant elevane i 2007, opplevde vel 62 prosent av elevane i 2009 det same.
- Når det gjeld den allmenne kjennskapen til arbeidet elevrådet gjer på skulen, er det lite som skil elevane i 2007 og 2009.
- Det er ein mindre del av informantane som har vore med i ungdomsrådet i 2009 enn i 2007. Her skal ein likevel tolke tala med varsemd. I 2007 var det fleire kommunar som ikkje hadde ungdomsråd. Dermed vart det brukt eit silingsspørsmål 2007, som ikkje vart brukt i 2009. Vi kan ikkje sjå vekk frå at enkelte svara at dei ikkje hadde ungdomsråd i eigen kommune som eit resultat av at dei ikkje kjende til dette rådet, sjølv om det faktisk var oppretta i kommunen deira. Om dette er tilfelle vil det påverke berekningsgrunnlaget (N) for data frå 2007.
- Kommentaren over kan også vere med på å forklare at ungdom kjenner mindre til arbeidet ungdomsrådet i 2009 enn i 2007. Slik sett kan det vere grunn til å tru at data frå 2009 gir eit rettare bilete enn data frå 2007. Det same gjeld spørsmålet om vurderingar av kva innverknad ungdomsrådet har på vedtak i eigen kommune.
- Det store fleirtalet opplever at opplæringa i ungdomsrådet er bra eller ganske bra. Når det gjeld dei som har vore representantar i ungdomsrådet, er det likevel litt færre som opplever at opplæringa har vore bra i 2009 enn i 2007. Det kan vere fleire årsaker til dette. Ein grunn kan vere at kommunane har nedprioritert dette området, noko som fylket har registrert indikasjonar på.

## Elevrådet

Tabell 5. Elevar i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal etter deltaking som elevrådsrepresentant på ungdomsskule eller i vidaregåande skule (2007 og 2009).


	2007		2009	
	Faktiske tal	Prosent	Faktiske tal	Prosent
Ja, på ungdomsskolen	261	17,1	209	21,2
Ja, på vidaregåande skole	169	11,0	107	10,8
Ja, både på ungdomsskolen og på vidaregåande skole	153	10,0	100	10,2
Nei, har aldri vore elevrådsrepresentant	947	61,9	571	57,9
I alt	1530	100,0	986	100,0



Figur 5. Elevar i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal etter deltaking som elevrådsrepresentant på ungdomsskule eller i vidaregåande skule (2007 og 2009).

Tabell 6. Elevar i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal etter om dei har fått opplæring i elevrådsarbeid. Berre dei som har vore elevrådsrepresentantar svarar (2007 og 2009).


	2007		2009	
	Faktiske tal	Prosent	Faktiske tal	Prosent
Ja	164	28,1	121	29,1
Nei	419	71,9	295	70,9
I alt	583	100,0	416	100,0



Figur 6. Elevar i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal etter om dei har fått opplæring i elevrådsarbeid. Berre dei som har vore elevrådsrepresentantar svarar (2007 og 2009).

Tabell 7. Elevar i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal etter korleis opplæringa i elevrådsarbeidet var. Berre dei som har vore elevrådsrepresentantar svarar (2007 og 2009).


	2007		2009	
	Faktiske tal	Prosent	Faktiske tal	Prosent
Bra	39	23,8	31	25,4
Ganske bra	48	29,3	45	36,8
Verken bra eller dårleg	43	26,2	27	22,1
Ganske dårleg	10	6,1	3	2,5
Dårleg	7	4,3	6	5,0
Veit ikkje/inga meining	17	10,4	10	8,3
I alt	164	100,0	122	100,0



Figur 7. Elevar i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal etter korleis opplæringa i elevrådsarbeidet var. Berre dei som har vore elevrådsrepresentantar svarar (2007 og 2009).

Tabell 8. Elevar i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal etter kor godt dei kjenner til arbeidet som elevrådet gjer ved eigen skule (2007 og 2009).

	2007		2009	
	Faktiske tal	Prosent	Faktiske tal	Prosent
Svært godt	68	4,4	61	6,2
Ganske godt	343	22,4	205	20,8
Verken godt eller dårleg	587	38,4	376	38,2
Ganske dårleg	318	20,8	194	19,7
Svært dårleg	214	14,0	150	15,2
I alt	1530	100,0	986	100,0




Figur 8. Elevar i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal etter kor godt dei kjenner til arbeidet som elevrådet gjer ved eigen skule (2007 og 2009).

## Ungdomsrådet

Tabell 9. Elevar i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal etter deltaking i ungdomsrådet (2007 og 2009).<sup>3</sup>

	2007		2009	
	Faktiske tal	Prosent	Faktiske tal	Prosent
Ja	84	11,2	79	8,0
Nei	667	88,8	907	92,0
I alt	751	100,0	986	100,0


<sup>3</sup> I 2007 var det fleire kommunar som ikkje hadde ungdomsråd. Dermed vart det brukt eit silingsspørsmål 2007, som ikkje vart brukt i 2009. Vi kan ikkje sjå vekk frå at enkelte svara at dei ikkje hadde ungdomsråd i eigen kommune som eit resultat av at dei ikkje kjende til dette rådet, sjølv om det faktisk var oppretta i kommunen deira. Om dette er tilfelle vil det påverke berekningsgrunnlaget (N) for data frå 2007.



Figur 9. Elevar i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal etter deltaking i ungdomsrådet (2007 og 2009).

Tabell 10. Elevar i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal etter korleis opplæringa i ungdomsrådsarbeidet var. Berre dei som har vore ungdomsrådsrepresentantar svarar (2007 og 2009).


	2007		2009	
	Faktiske tal	Prosent	Faktiske tal	Prosent
Bra	16	34,8	9	25,4
Ganske bra	20	43,5	16	45,5
Verken bra eller dårleg	9	19,6	7	21,2
Ganske dårleg	1	2,2	1	3,9
Veit ikkje/inga meining			1	3,9
Total	46	100,0	35	100,0



Figur 10. Elevar i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal etter korleis opplæringa i ungdomsrådsarbeidet var. Berre dei som har vore ungdomsrådsrepresentantar svarar (2007 og 2009).

Tabell 11. Elevar i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal etter kor godt dei kjenner til arbeidet som ungdomsrådet gjer (2007 og 2009).

	2007		2009	
	Faktiske tal	Prosent	Faktiske tal	Prosent
Svært godt	46	6,1	25	2,6
Ganske godt	85	11,3	89	9,1
Verken godt eller dårleg	214	28,5	224	22,7
Ganske dårleg	198	26,4	283	28,7
Svært dårleg	208	27,7	364	36,9
I alt	751	100,0	986	100,0




Figur 11. Elevar i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal etter kor godt dei kjenner til arbeidet som ungdomsrådet gjer (2007 og 2009).



Tabell 12. Elevar i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal etter kor stor innverknad dei opplever at ungdomsrådet på politiske vedtak i eigen kommune (2007 og 2009).

	2007		2009	
	Faktiske tal	Prosent	Faktiske tal	Prosent
Stor innverknad	19	2,5	17	1,7
Nokså stor innverknad	98	13,0	77	7,8
Verken stor eller liten innverknad	177	23,6	224	22,7
Nokså liten innverknad	94	12,5	124	12,6
Liten innverknad	67	8,9	117	11,8
Veit ikkje	296	39,4	428	43,4
I alt	751	100,0	986	100,0



Figur 12. Elevar i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal etter kor stor innverknad dei opplever at ungdomsrådet på politiske vedtak i eigen kommune (2007 og 2009).

## Organiserte fritidsaktivitetar


Organiserte fritidsaktivitetar er ein viktig del av oppveksten til barn og unge. Denne typen aktivitet er gjerne mindre når ungdom er vidaregåande enn kva den var tidlegare i barne- og ungdomsåra.

Samstundes tek også nye aktivitetar over. Det kan til dømes vere i denne alderen at enkelte går frå å trene i idrettslaget til å trene i treningsstudio. Situasjonen når det gjeld organiserte fritidsaktivitetar blant ungdomane i Møre og Romsdal er som følgjer:

- Vel halvdel av ungdomane deltek i organiserte fritidsaktivitetar. Våre tal viser at deltakinga gått litt ned mellom vidaregåandekulla i 2007 og vidaregåandekulla i 2009. Det er færre som deltek i meir enn ein aktivitet.
- Idrett/friluftsliv er den største aktiviteten, og slik aktivitet har også noko vanlegare blant ungdom i 2009 enn i 2007.
- I alt 58 prosent av dei som deltek i organiserte fritidsaktivitetar opplever at dei har stor eller nokså stor innverknad på dei vedtak som gjeld desse aktivitetane. Forskjellen mellom svara frå 2007 og 2009 er at ein del fleire blant dei siste opplever at innverknaden deira er ”stor” i staden for ”nokså stor”.

Tabell 13. Elevar i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal etter om dei deltek i organiserte fritidsaktivitetar (2007 og 2009).


	2007		2009	
	Faktiske tal	Prosent	Faktiske tal	Prosent
Ja, ein	430	28,1	284	28,8
Ja, fleire	383	25,0	215	21,8
Nei, ingen	717	46,9	488	49,4
I alt	1530	100,0	986	100,0



Figur 13. Elevar i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal etter om dei deltek i organiserte fritidsaktivitetar (2007 og 2009).

Tabell 14. Elevar i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal etter kva organiserte fritidsaktivitetar dei deltek i. Berre dei som deltek i slike aktivitetar er med i tabellen (2007 N=813 og 2009 N=499).


	2007	2009
	Prosent som deltek	Prosent som deltek
Idrett/friluftsliv	67,8	71,8
Musikk/kor/dans	30,1	27,0
Politikk	8,9	8,5
Religiøst arbeid	7,7	8,8
Miljøorganisasjon	2,7	3,8
Humanitært arbeid (Røde Kors, Norsk Folkehjelp o.l.)	4,7	4,9
Speidergruppe/4H	5,4	4,6
Anna	27,2	19,1



Figur 14. Elevar i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal etter kva organiserte fritidsaktivitetar dei deltek i. Berre dei som deltek i slike aktivitetar er med i figuren (2007 N=813 og 2009 N=499).

Tabell 15. Elevar i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal etter korleis dei opplever at ungdom har innverknad på dei fritidsaktivitetane dei er med på. Berre dei som deltek i slike aktivitetar er representerte i tabellen (2007 og 2009).

	2007		2009	
	Faktiske tal	Prosent	Faktiske tal	Prosent
Stor innverknad	170	20,9	120	24,1
Nokså stor innverknad	301	37,0	169	33,8
Verken stor eller liten innverknad	173	21,3	107	21,5
Liten innverknad	63	7,7	36	7,2
Veit ikkje	106	13,0	66	13,3
I alt	813	100,0	499	100,0



Figur 15. Elevar i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal etter korleis dei opplever at ungdom har innverknad på dei fritidsaktivitetane dei er med på. Berre dei som deltek i slike aktivitetar er representerte i figuren (2007 og 2009).


## Kjennskap til utdannings- og jobbtilbod

Det blir ofte sagt at ungdom kjenner for lite til utdannings- og jobbtilbod i eigen kommune og eige fylke. Dette har også vore eit tema i Møre og Romsdal. Situasjonen for dei aktuelle kulla i undersøkinga vår er som følgjer:

- Kjennskapen til utdanningstilbodet i eige fylke, utover det som gjeld vidaregåande opplæring, har auka i løpet av åra frå 2007 til 2009. Auken er på i underkant av 8 prosentpoeng for dei som svarar ”svært godt” eller ”ganske godt” på spørsmålet om kor godt dei kjenner kva utdanningsvegar dei har i eige fylke når vidaregåande opplæring er slutt. Til saman utgjer likevel desse to kategoriane i underkant av 41 prosent av svara, noko som viser at kjennskapen er ganske variabel blant fleirtalet av ungdomane.
- Kjennskapen til jobbmulegheitene i Møre og Romsdal speglar noko av det same bilete. Det har vore ein auke i kjennskapen til tilbodet i løpet av perioden (ein auke på knappe 4 prosentpoeng), men kjennskapen er også her variabel blant fleirtalet av ungdomane.
- Ungdomane kjenner noko betre til jobbmulegheitene i eigen kommune, enn i eige fylke. Men også her er kjennskapen variabel blant fleirtalet av ungdomane.

Tabell 16. Elevar i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal etter kor godt dei kjenner utdanningstilbodet i eige fylke utover vidaregåande skule (2007 og 2009).


	2007		2009	
	Faktiske tal	Prosent	Faktiske tal	Prosent
Svært godt	95	6,2	69	7,0
Ganske godt	408	26,7	333	33,7
Verken godt eller dårleg	523	34,2	304	30,9
Ganske dårleg	339	22,2	193	19,6
Svært dårleg	165	10,8	87	8,8
I alt	1530	100,0	986	100,0



Figur 16. Elevar i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal etter kor godt dei kjenner utdanningstilbodet i eige fylke utover vidaregåande skule (2007 og 2009).

Tabell 17. Elevar i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal etter kor godt dei kjenner til jobbmoglegheitene i eige fylke (2007 og 2009).


	2007		2009	
	Faktiske tal	Prosent	Faktiske tal	Prosent
Svært godt	93	6,1	61	6,1
Ganske godt	406	26,5	298	30,2
Verken godt eller dårleg	567	37,1	349	35,4
Ganske dårleg	336	22,0	209	21,2
Svært dårleg	128	8,4	70	7,1
I alt	1530	100,0	986	100,0



Figur 17. Elevar i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal etter kor godt dei kjenner til jobbmoglegheitene i eige fylke (2007 og 2009).

Tabell 18. Elevar i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal etter kor godt dei kjenner til jobbmoglegheitene i eige fylke og eigen kommune (2009).

	Eigen kommune	Møre og Romsdal	Eigen kommune	Eigen kommune
Svært godt	61	6,1	113	11,5
Ganske godt	298	30,2	326	33,0
Verken godt eller dårleg	349	35,4	316	32,0
Ganske dårleg	209	21,2	155	15,7
Svært dårleg	70	7,1	77	7,8
I alt	986	100,0	986	100,0



Figur 18. Elevar i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal etter kor godt dei kjenner til jobbmoglegheitene i eige fylke og eigen kommune (2009).




## Om framtida

Mange forhold kan påvirke dei vala unge tek seinare i livet. Det er likevel interessant å sjå korleis dei unge vurderer framtida ut frå eigen situasjon medan dei framleis er i vidaregåande opplæring:

- Flytteplanane etter vidaregåande er relativt stabile mellom dei to kulla. Det er rundt 16 prosent som ikkje har flytteplanar i det heile, i 2007 så vel som i 2009. Storbyane utanom Oslo synest å tapt litt popularitet, mellom anna til fordel for andre stader i Noreg og utlandet.
- Godt over halvdelen av ungdomane ser føre seg ei framtid i Møre og Romsdal på sikt. Andelen som svarar "svært sannsynleg" eller "nokså sannsynleg" er likevel redusert med vel 3 prosentpoeng frå 2007 til 2009.
- Det er derimot fleire av ungdomane i 2009 som ville tilrå venner utanfrå fylket til å flytte til Møre og Romsdal enn kva som var tilfelle i 2007 (andelen som svarta ja på det aktuelle spørsmålet auka frå 34,4 prosent i 2007 til 41,5 prosent i 2009).

Tabell 19. Elevar i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal etter kva dei vil gjere etter vidaregåande (2007 og 2009).


	2007		2009	
	Faktiske tal	Prosent	Faktiske tal	Prosent
Bli buande på heimplassen	250	16,3	162	16,4
Flytte til ein annan stad i Møre og Romsdal	91	5,9	51	5,2
Flytte til Oslo	105	6,9	70	7,1
Flytte til Trondheim	199	13,0	118	12,0
Flytte til Bergen	107	7,0	47	4,7
Flytte til Stavanger	17	1,1	6	,6
Flytte ein annan plass i Noreg	131	8,6	104	10,6
Flytte til utlandet	100	6,5	70	7,1
Har ikkje bestemt meg enno/veit ikkje	530	34,6	358	36,3
I alt	1530	100,0	986	100,0



Figur 19. Elevar i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal etter kva dei vil gjere etter vidaregåande (2007 og 2009).

Tabell 20. Elevar i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal etter kor sannsynleg dei trur det er at dei vil bu i Møre og Romsdal om 10-15 år (2007 og 2009).


	2007		2009	
	Faktiske tal	Prosent	Faktiske tal	Prosent
Svært sannsynleg	325	21,2	183	18,5
Nokså sannsynleg	554	36,2	353	35,8
Lite sannsynleg	265	17,3	176	17,9
Svært lite sannsynleg	172	11,2	132	13,3
Veit ikkje	214	14,0	143	14,5
I alt	1530	100,0	986	100,0



Figur 20. Elevar i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal etter kor sannsynleg dei trur det er at dei vil bu i Møre og Romsdal om 10-15 år (2007 og 2009).

Tabell 21. Elevar i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal etter om dei vil anbefale vener utanfrå fylket til å flytte til Møre og Romsdal (2007 og 2009).

	2007		2009	
	Faktiske tal	Prosent	Faktiske tal	Prosent
Ja	526	34,4	409	41,5
Kanskje	650	42,5	363	36,8
Nei	220	14,4	150	15,2
Veit ikkje	134	8,8	63	6,4
I alt	1530	100,0	986	100,0



Figur 21. Elevar i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal etter om dei vil anbefale vener utanfrå fylket til å flytte til Møre og Romsdal (2007 og 2009).

## Kunnskap om Møre og Romsdal fylke

Fylket arbeider med fleire felt med relevans for situasjonen til dei unge sjølve. Her følgjer ei oversikt over kor godt ungdomane sjølve kjenner til ein del område fylket har ansvar for:

- I alt 63 prosent elevane i vidaregåande veit at det er fylkeskommunen som har ansvar for den vidaregåande skulen.
- Få gir uttrykk for at dei kjenner godt til det arbeidet Møre og Romsdal fylke gjer for ungdom i eige fylke. Det er likevel ein god del som gir uttrykk for at kunnskapen deira på dette feltet korkje er god eller dårleg. Den delen som gir uttrykk for at dei har dårleg kunnskap om arbeidet Møre og Romsdal fylke gjer for eigen ungdom, er redusert med vel 6 prosentpoeng i perioden frå 2007 til 2009.
- Av ordningar fylket har ansvar for, kjenner ungdomane best *Ungdomskortet*, *Timeekspresen* og *Ungdommens kulturmønstring*. Det store biletet er at dei fleste ordningane er betre kjent blant ungdomane i 2009 enn to år tidlegare. *UNG* og *hoppid.no* er langt betre kjent blant ungdomane i 2009 enn i 2007, medan ordninga *Heim for ein 50-lapp* er vesentleg mindre kjent no enn tidlegare.<sup>4</sup>

Tabell 22. Elevar i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal etter om dei veit kven som har ansvaret for drift av den vidaregåande skulen (2009).<sup>5</sup>

	2009	
	Faktiske tal	Prosent
Kommunen	155	15,8
Fylkeskommunen	621	62,9
Staten	121	12,3
Veit ikkje	84	8,6
Ikkje svar	4	,4
I alt	986	100,0

<sup>4</sup> UNG er eit eige prosjekt i Møre og Romsdal retta mot ungdom i Møre og Romsdal, der ein ønskjer å synleggjere moglegheiter i fylke, å auke medverknaden i alt som vedkjem ungdom og for å gi god kjennskap til nærområdet og reell medverknad som grunnlag for å skape identitet til heimlassen.  
<http://ungweb.no/UNGweb/Info/Om-oss>


<sup>5</sup> Dette spørsmålet blei presentert i ein annan samanheng i spørjeskjemaet, slik at ein ikkje ut frå samanhengen kunne tenkje seg fram til at det er fylkeskommunen som har ansvaret for drift av dei vidaregåande skulane.



Figur 22. Elevar i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal etter om dei veit kven som har ansvaret for drift av den vidaregåande skulen (2009).

Tabell 23. Elevar i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal etter kor godt dei kjenner til det fylket som organisasjon gjer for eigen ungdom (2007 og 2009).

	2007		2009	
	Faktiske tal	Prosent	Faktiske tal	Prosent
Svært godt	24	1,6	15	1,5
Ganske godt	105	6,9	93	9,5
Verken godt eller dårleg	645	42,2	453	46,0
Ganske dårleg	433	28,3	253	25,7
Svært dårleg	323	21,1	172	17,4
I alt	1530	100,0	986	100,0




Figur 23. Elevar i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal etter kor godt dei kjenner til det fylket som organisasjon gjer for eigen ungdom (2007 og 2009).

Tabell 24. Elevar i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal etter kor mange som har høyrte om bestemte ordningar fylket har ansvar for (2007 N=1530 og 2009 N=986).

Ordning	2007		2009	
	Faktiske tal som har høyrte om	Prosent som har høyrte om	Faktiske tal som har høyrte om	Prosent som har høyrte om
UNG	541	35,4	581	58,9
Ungt entreprenørskap	349	22,8	296	30,1
Ungdommens kulturmonstring	1297	84,8	834	84,6
Kultursekken	294	19,2	284	28,8
Karriererettleiing	184	12,0	191	19,4
God Helse	413	27,0	333	33,8
Energiprogrammet	93	6,1	80	8,1
hoppid.no	277	18,1	441	44,7
Reiselivsprogrammet	153	10,0	105	10,7
TimeEkspressen	1351	88,3	852	86,4
Ungdomskortet	1304	85,2	863	87,5
Heim for ein 50-lapp	1317	86,1	651	66,0
Bygdemobilisering	110	7,2	79	8,1
Elev- og lærlingeombodet	349	22,8	333	33,8
Ungdomspanelet	508	33,2	338	34,3
Ungdommens fylkesting	636	41,6	483	49,0

## Har du høyrst om:



Figur 24. Elevar i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal etter kor mange som har høyrst om bestemte ordningar fylket har ansvar for (2007 N=1530 og 2009 N=986).




## Karriererettleiing og vidare utdanning

Utdanningsval er viktige for framtida til den enkelte. Nedanfor ser ungdomane tilbake på karriererettleiingsdagen i 10. klasse og framover i forhold til utdanning vidare.

- I alt 41,6 har vore med på karriererettleiingsdagen i 10. klasse. Av desse var det godt over halvdel som syntest at dagen var nyttig for val av utdanning (58,4 prosent svara ”svært nyttig” eller ”nokså nyttig”).
- Dei planane ungdomane har om framtidig utdanning er langt på veg like hos 2007-kullet og hos 2009-kullet. I overkant av 50 prosent ser føre seg høgskule- eller universitetsutdanningar. Den største endringa mellom dei to kulla er ein auke i delen av ungdomane som tenkjer seg ei utdanning på teknisk fagskule.

Tabell 25. Elevar i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal etter om dei har vore med på karriererettleiingsdagen i 10. klasse (2009).

	2009	
	Faktiske tal	Prosent
Ja	410	41,6
Nei	337	34,2
Usikker	238	24,1
Ikkje svar	1	,1
I alt	986	100,0



Figur 25. Elevar i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal etter om dei har vore med på karriererettleiingsdagen i 10. klasse (2009).

Tabell 26. Elevar i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal etter kor nyttig dei synes at karriererettleiingsdagen var for seg sjølv og val av utdanning (2009).


	2009	
	Faktiske tal	Prosent
Svært nyttig	62	15,3
Nokså nyttig	176	43,1
Nokså lite nyttig	106	25,8
Lite nyttig	64	15,7
I alt	409	100,0



Figur 26. Elevar i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal etter kor nyttig dei synes at karriererettleiingsdagen var for seg sjølv og val av utdanning (2009).

Tabell 27. Elevar i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal etter kva vidare utdanning dei tek sikte på (2007 og 2009).

	2007		2009	
	Faktiske tal	Prosent	Faktiske tal	Prosent
Vidaregåande skule/ Fagbrev	307	20,1	207	21,0
Teknisk fagskule	66	4,3	75	7,6
Høgskule/ universitets- utdanning opp til 4 år	490	32,0	324	32,8
Lengre høgskule/ universitets- utdanning, meir enn 4 år	321	21,0	202	20,5
Veit ikkje	296	19,3	178	18,1
I alt	1480	96,7	986	100,0



Figur 27. Elevar i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal etter kva vidare utdanning dei tek sikte på (2007 og 2009).


## Websida ungweb.no

Møre og Romsdal har ei eiga webside lagt til rette for å nå ut med informasjon til ungdom i fylket. Bruken av sida er kartlagt i undersøkinga i 2009:

- I alt 35 prosent av ungdomane brukar fylket si eiga webside for ungdom, ungweb.no, minst ein gong i veka. Det er dei korte besøka som pregar trafikken på nettsida. I alt 75 prosent av dei som brukar sida, pleier vanlegvis å vere inne på den i mindre enn 10 minutt om gongen.

Tabell 28. Elevar i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal etter bruk av websida ungweb.no (2009).


	2009	
	Faktiske tal	Prosent
Ja, 6-7 dagar i veka	45	4,5
Ja, 4-5 dagar i veka	103	10,5
Ja, 2-3 dagar i veka	112	11,3
Ja, 1 dag i veka	86	8,7
Ja, men sjeldnare enn kvar veke	241	24,4
Nei, aldri	399	40,4
Ikkje svar	1	,1
I alt	986	100,0



Figur 28. Elevar i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal etter bruk av websida ungweb.no (2009).

Tabell 29. Elevar i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal etter kor mykje tid dei vanlegvis brukar når dei er inne på websida ungweb.no (2009).

2009		
	Faktiske tal	Prosent
Mindre enn 10 minutt	440	75,0
10-19 minutt	108	18,4
20-29 minutt	17	2,9
30-39 minutt	11	1,8
40 minutt og meir	10	1,7
Ikkje svar	1	,2
I alt	586	100,0



Figur 29. Elevar i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal etter kor mykje tid dei vanlegvis brukar når dei er inne på websida ungweb.no (2009).